

## MØTEBOK HALLINGTINGET

**TID:** 23.apri 2015  
**STAD:** Hemsedal, Fausko skystasjon

### Desse møtte på Hallingtinget:

<b><u>Hol kommune</u></b> Tony Arild Kjøl Ingjerd Almås Anfinset Halvard Lilleslett Petter Rukke	<b><u>Hemsedal kommune</u></b> Oddvar Grøthe Tove Eggen Lien Olav Støyten Odd Holde
<b><u>Ål kommune</u></b> Ivar Brevik, Torhild Helling Bergaplass Solveig Vestenfor Ove Bråten Ingeborg Kaslegard Frydenlund	<b><u>Nes kommune</u></b> Tor Magnussen Margit Halvorsen Hildegunn Mikkelsplass Endre Storhaug Geir Olav Brøto
<b><u>Gol kommune</u></b> Halvor Lilleslett Hanne Brunborg Jon Anders Hefte Dag Wollebæk	<b><u>Flå kommune</u></b> Tor Egil Buøen Ole Johnny Stavn

**Av rådmennene møtte:** Lars Ole Skogen, Hol kommune, Tone Tveito Eidnes, Ål kommune, Sveinung Halbjørhus, Hemsedal kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar  
 Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Tore Gilhuus.

### SAK 02/15 REKNESKAP 2014

#### Vedtak

- Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2014 med revisoruttale, og at underskot på kr. 18.113,37 blir teke frå disposisjonsfond.
- I revisor si uttale til rekneskapet 2014 bli det peika på at Regionrådet har bokført bruk av disposisjonsfond med kr. 240.000 utan budsjettvedtak.  
 Regionrådet for Hallingdal gjorde i sak 47/12 slikt vedtak:  
*«Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 240.00 til boka "Historia om Hallingdal". Midlane blir teke frå disposisjonsfondet. Inntekter frå sal av boka skal attendeførast til disposisjonsfondet.»*
- I revisoruttale er det peika på at det er bokført kortsiktige fordringar med kr. 100.000 i samband med prosjektet «Trafikktryggleik Hallingdal». Prosjektet «Trafikktryggleik Hallingdal» skal avsluttast rekneskapsmessig i 2015.
- Rekneskap IS Rv7 blir for ettertida teke ut rekneskapen til Regionrådet for Hallingdal.

**SAK 03/15 ÅRSMELDING 2014****Vedtak**

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2014.

**SAK 04-15 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i Regionrådet som ein del av gjennomgang av årsmeldinga.

**SAK 05-15 UTVIKLINGSPROGRAMMET FOR BYREGIONAR, GJENNOMGANG AV SAMFUNNSANALYSE HALLINGDAL OG SØKNAD FASE 2**

Fyrste fase av prosjektet «Framtidstru og vekst i Hallingdal» er gjennomført som ein del av Byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Hovudaktivitetane i prosjektet er gjennomført, m.a. med utarbeiding av samfunnsanalyse for Hallingdal, «For egen maskin».. Analyse er utført av Menon Business Economics og Anne Espelien frå Menon presenterte rapport, vedlagt presentasjon.

Hallingtinget drøfta eventuell deltaking i fase 2.

**Vedtak**

1. Hallingtinget sluttar seg til at kommunane i Hallingdal søkjer om deltaking i fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar.
2. I fase 2 er det definert følgjande hovudmål:  
Hallingdal skal utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.
3. Fase 2 skal innehalde følgjande innsatsområde:
  - a. Analyse og vurdering av alle sentra i regionen med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur. Klargjera arbeidsdelinga mellom kommunane og den einskilde kommune si rolle i eit samspel som kan gjera regionen sterkare. Avdekke og dra fordelar av det unike i kvar kommune.
  - b. Vidare utvikling av ulike type veksthus, næringsklynger og interkommunalt samarbeid, basert på ein fleirkjernestruktur, for m.a. å skapa attraktive kompetansmiljø.
  - c. Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
  - d. Arbeide for permanent desentralisert høgskuleutdanning i Hallingdal innanfor nærare definerte fagområde.
  - e. Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering
  - f. Ringverknadar/mogelegheiter med ny E16 til Hønefoss og Ringeriksbanen
4. Det skal søkjast om 3 mill. kroner frå utviklingprogrammet.
5. Hallingtinget rår til at kommunane løyver kr. 100.000 kvar til programmet, fordelt over ein tre-års periode.
6. Hemsedal kommune skal stå som formell søkjar for fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar.

7. Regionrådet for Hallingdal skal ha prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet er styringsgruppe.
8. Utviklingsprogrammet skal samordnast med revidering av Strategisk plan for Hallingdal

Hemsedal 23.4.2015  
Rett utskrift

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:  
Sak 05-15, presentasjon samfunnsanalyse Hallingdal, Anne Espelien, Menon .